

**Fra:** Kari Torkildsen Utkilen (Kari.Utkilen@austrheim.kommune.no)

**Sendt:** 05.10.2015 10:02:14

**Til:** Elin Golten

**Kopi:**

**Emne:** SV: Konsortium for e-media i biblioteka i Hordaland PÅMINNING - HASTER!

**Vedlegg:** image001.png,kontrakt konsortium 2016.pdf

Hei!

Beklagar seint svar.

Her kjem signert avtale frå Austrheim folkebibliotek.

Ser at vi skal betale 3% av mediebudsjettet og lurar på om det er bokbudsjettet?

Reknar med film, CD-rom og tidsskrift ikkje skal med i denne prosenten.

Det vert ikkje lett å legge inn auke på 3% i tider vi får beskjed at budsjettet vert redusert, men vi får argumentere med auke i budsjettprosessen.

Kutt i KF-pakkar har også ført til behov for auke i bokbudsjettet, om vi skal oppretthalde same bokstamme. Vi får nå berre ein KF-vaksen (ikkje lenger på Fonnes filial) og 2 barn (ikkje lenger på Årås skule).

Det er håp om at det ikkje er kulturavdelinga som skal ta dei store nedskjæringane i 2016 budsjettet i Austrheim kommune.

Elles er det dumt at vi ikkje lenger kan låne e-lydbøker via E-lan. Fint at de ser på ordninga slik at vi får den beste tekniske løysinga for utlån av E-bøker.

Mvh

Kari T. U.

Austrheim folkebibliotek

**Fra:** Elin Golten [mailto:Elin.Golten@hfk.no]

**Sendt:** 1. oktober 2015 10:00

**Til:** Elin Golten

**Kopi:** Ruth Ørnholst

**Emne:** VS: Konsortium for e-media i biblioteka i Hordaland PÅMINNING - HASTER!

**Viktighet:** Høy

Hei,

De som får denne e-posten, er blant dei biblioteka i fylket som ikkje har gitt fylkesbiblioteket svar på om de framleis ønskjer å vere med på ei felles løysing for utlån av e-bøker i biblioteka i Hordaland. Vedlagt er informasjonsbrev om utvikling av e-lånstenesta i fylket, og kontrakt som vi ber om at de underskriver og returnerer til fylkesbiblioteket, gjerne på mail til underteikna. *Det er viktig at de svarer kjapt!*

Vi ønskjer at alle biblioteka i fylket halde fram med utlån e-bøker. Dette er ein viktig utviklingstrekk som alle bibliotek bør ta del i!

Ta kontakt dersom de har spørsmål. Dersom nokon ikkje har mottatt den opprinnelige e-posten frå oss, beklager vi og sender ein grim tanke til vårt nye arkivsystem ;-)

Venleg helsing

**Elin Golten**

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkesbiblioteket



Tlf: 55 23 93 73  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

---

**Fra:** Elin Golten [mailto:[Elin.Golten@hfk.no](mailto:Elin.Golten@hfk.no)]

**Sendt:** 11. september 2015 12:05

**Til:** Masfjorden folkebibliotek; Askøy folkebibliotek; Austevoll folkebibliotek; Austrheim folkebibliotek; Bømlo folkebibliotek; Eidfjord folkeboksamling; Etne bibliotek; Fedje Folkebibliotek; Fitjar folkebibliotek; Fusa folkebibliotek; Granvin folkebibliotek; Jondal bibliotek; Kvam bibliotek; Kvinnherad bibliotek; Lindås folkeboksamling; Meland bibliotek; Modalen folkebibliotek; Odda bibliotek; Os folkebibliotek; Osterøy bibliotek; Radøy bibliotek; Samnanger folkebibliotek; Stord folkebibliotek; Sund folkebibliotek; Sveio folkebibliotek; Tysnes folkebibliotek; Kinsarvik bibliotek; Ulvik folkebibliotek; Vaksdal folkebibliotek; Voss bibliotek; Øygarden Bibliotek

**Emne:** Konsortium for e-media i biblioteka i Hordaland

Vedlagt er informasjon om fornying av deltaking i konsortium for innkjøp og utlån av e-media i biblioteka i Hordaland. Merk at svarfristen er 24. september.

Venleg helsing  
Elin Golten